

Varhaug Bondelag

I høyringsnotatet frå departementet på side 5, under bakgrunn, blir det fastsett at "Målsettinga er å forenkle regelverket, og gi meir stabile rammevilkår for mjølkebonden." Mange av forslaga til forandring vil openbart ha ei usikker virkning. Me vil soleis ikkje få stabilitet, men snarare uvisse. Landbruket, saman med mange politikarar, har i lengre tid påpeikt at bonden må koma ut av det leiglending-forholdet ein har kome opp i, når det gjeld mjølkekvote. Ein del av forslaga gjer det motsatte. Forslaga styrkjer handlerommet til dei som berre har kvote på lån, og dreg pengar ut av produksjonen. Pengar som skulle ha kome forbrukaren, og den aktive bonden til del.

Det er vanskeleg å sjå at forslaget, om å forskjellsbehandla samdrifter over og under 400 000 liter samla mjølkekvote, vil kunna gi stabilitet. I første omgang vil mange samdrifter kjøpa seg opp over 400 000 liter i kvote. Etter kvart vil urettferdigheita, som grensa sett, gi så mange uønska effektar at det vert naudsynt å endra regelverket på nytt. **Ei samdrift bør vera ei samdrift, utan deling over/under 400 00 liter kvote.**

I mange samdrifter under 400 000 liter i kvote, er det nausynt for enkeltmedlemmer å ha ein produksjon utanom mjølk, for å halda økonomien oppe. I dag er det krav til at om eksempelvis to partnarar i samdrift har sauer i eigne foretak, skal ein kunna visa at desse saue-produksjonane ikkje har driftsfellesskap. **Medlemmane i ei samdrift her allereie mista eit eller fleire driftstilskot i strukturrasjonaliseringas namn. Dei treng å kunna søka tilskot kvar for seg på tilleggsproduksjonar utan driftsfellesskap, slik foretak utan samdrift på mjølk har mogligheit til.**

Reglane for å vekkja opp sovande kvorte bør vera som dei er i dag. Reglane for å vekkja opp sovande kvote har vore laga for dei som skal starta opp ein kvote på same garden. Forslaget til endring fører til at mange vil vekkja opp kvote, berre for å leiga kvota ut, eller selgja kvota.

Ei kvote bør vera ei kvote. Ein bør ikkje kunne selgja/leiga ut berre deler av kvota. Om forslaget trer i kraft, vil ein få kunstige handlingsmønster, der målet berre er å utnytta tilskots-ordningane.

Avstandsavgrensinga på 17 km for partane i ei samdrift fungerer greit på Jæren, og bør ikkje aukast. Me har nok traktor langs vegane som det er. Andre deler av landet har sjølv sagt andre utfordringar.

Samdrifter på mjølkebruka er, etter dagens ordningar, ei utpining av dei som driv aktivt. På Jæren vert mange samdrifter etablert for å utnytta ny teknologi (FMS bør nytta ei kvote på ca 600 000 l mjølk). Her, som i resten av landet, fører tilskotsordningane til at ikkje alle dei tidlegare produsentane kan vera aktive i drifta, og ein ser at dei som ikkje er aktive, litt om litt, forsvinn ut. **Ein bør styra mot eit system der jord blir omsett, og kvote blir fordelt utan økonomisk vederlag.**

For Varhaug Bondelag

Ingve Skretting